



No blir det felles skileik i Fjellhaugen.

**Dei komande tre onsdagane prøver skigruppene i idrettslaga i Kvinnherad noko nytt – felles skileik i Fjellhaugen. Det fortel Catrine Haugland i skigruppa i UIL til uskedalen.no  
Dagane er onsdagane 27. februar, 5. mars og 12. mars og skileiken er mellom 17.30 og 18.30.**

Gruppene vil ha hovudansvar kvar sin onsdag.

Aktivitetane vil variera litt frå gong til gong, men gruppene kan lova både hopp, skøyteløype, vanleg langrennsløype, kular, orgeltramp og elles gode høve til å testa ut og forbetra dugleiken sin på ski. Det vil bli laga til bål slik at dei som ynskjer det kanta med pølser eller liknande for grilling.

Skileiken er fyrst og fremst for born, men alle er like velkomne. For ungane er det ekstra stas om mor, far eller bestefar har lyst til å prøva seg på til dømes å hoppa!

Gruppene lovar premie til alle den siste onsdagen og håpar at flest mogeleg tek turen til fjells.